

# «Trivselstiltak i krinsane»

## Retningslinjer for tildeling

### 1) Kven kan søkje?

Organisasjonar heimehøyrande i krinsane i Ulstein kommune, med unnatak av sentrumskrinsen. Med krins meiner ein i denne ordninga skulekrins.  
Døme: Idrettslag, grendalag og andre lag som arbeider for auka trivsel og bulyst i krinsen

### 2) Kva tiltak kan vi søkje på?

**Målet** med tiltaka skal vere auka trivsel og bulyst i krinsen.  
Det kan søkjast på **nye** fysiske tiltak og investeringar.  
Døme: Nærmiljøanlegg, turløyper, leikeplass m.m.

Det kan også søkjast på **nye** tiltak og arrangement som ein ønskjer å gjennomføre.  
Døme: Bygdekeldar, teatergruppe, lokale konsertar m.m.

### 3) Kor mykje midlar er til rådvelde?

Levekårutvalet i Ulstein disponerer årleg 200.000 kr til føremålet.

### 4) Samfinansiering:

Det er ein føresetnad for å få tildelt midlar, at andre enn Ulstein kommune bidreg økonomisk til gjennomføring av tiltaket. Ulstein kommune sin del gjennom ordninga for trivselstiltak i krinsane, kan ikkje overstige 50 % av tiltaket sin totalkostnad.

Dugnad kan være ein del av finansieringa av eit prosjekt. Ein dugnadstime for ein person kan rekna til 200 kr. Dugnadstimar må dokumenterast med timeliste.

### 5) Søknadsfrist?

Søknadar om tilskot må vere Ulstein kommune v/ kulturkontoret i hende innan 15.juni.  
Søknadane vert handsama i Levekårutvalet i Ulstein i innan utgangen av september for 2107.

Frå 2018 og vidare er søknadsfrist 1. mars og tildeling seinast i løpet av mai. Eventuelle unytta midlar kan tildelast på hausten med søknadsfrist 1. september og fordeling i løpet av oktober.

### 6) Tildeling av midlar:

Levekårsutvalet tildelar midlar frå årets ramme.

Eventuelle unytta midlar eitt år kan førast over til neste år.

Prosjekt skal vurderast ut frå kva positive ringverknadar eit prosjekt kan få og kva målgruppe prosjektet har. Prosjekt med positiv ringverknad for ei større gruppe skal prioriterast fram føre ei mindre gruppe.

Levekårsutvalet skal, så langt råd, prøve å ivareta alle krinsane gjennom tildeling av midlar.

**7) Utbetaling av midlar:**

Det er høve til å få utbetalt inntil 60 % av det kommunale tilskotet under gjennomføring av prosjektet. Dei resterande 40 % vert utbetalt ved slutføring av prosjektet mot framlagd rekneskap og sluttrapport frå søker når prosjektet er ferdigstilt.

Som ein del av sluttrapporten sal det være eit kort samandrag som omtaler prosjektet, bilde og namn på kontaktperson. Samandraget skal være utforma slik at det kan presentere prosjektet på kommune sine heimesider.

**8) Evaluering**

Ordningslinjene skal evaluerast etter to år, før tildeling for 2019.

Ulsteinvik, 5. juni 2017.